

VILKÅR FOR PRIVATABONNEMENT. ENIVEST TRÅDLAUS. Gjeld frå 12.10.2007



Ein abonnent av produkt frå Enivest må rette seg etter denne abonnementsavtalen. Spesielt avtalte vilkår gjeld framfor generelle. Med kundeining meinast det utstyret Enivest låner ut til kunden. Dette kan til dømes vere modem, radioutstyr med antenne, straumforsyning og festemateriell.

§1 Generelt

Følgjande vilkår skal gjelde som tillegg til avtale om private abonnement som vedkjem tilgang til breiband mellom Enivest AS (utleigar) og abonnenten (kunden). Eit abonnement i denne samanheng gjeld for ein bestemt husstand innanfor Enivest AS sitt dekningsområde. Omgrepet "husstand" omfattar ikkje bedrifter. Abonnementet kan ikkje overførast til andre enn familiemedlemmar i same husstand jf. §8. Tilknytning til breibandsnett trådlaut, er knytt til ein bestemt bustad. Dersom kunden flyttar til annan bustad innanfor Enivest sitt dekningsområde kan kunden få flytta sambandet dit mot å betale flyttegebyr jf. §8 og §14. Dersom den nye adressa er utanfor dekningsområdet, er Enivest ikkje forplikta å fornye abonnementet og det vil bli avvika jf. §6.

§2 Bestilling / Avbestilling / Angrerett

Tinging av abonnement og tenester via internett, skriftleg eller på telefon med oss eller ein av Enivest sine forhandlarar er å sjå på som ein aksept av gjeldande vilkår. Dersom ein kunde tar i bruk tenester frå Enivest utan at det er inngått nokon formell avtale, vil dette bli sett på som ein aksept av desse vilkåra. Kunder som har bestilt tenester ved oppsøkinge sal (telefonsal, dørsal, messesal e.l.) har i samsvar med angrerettlova rett til å gå frå avtalen kostnadsfritt (angrerett) ved å gi Enivest melding om dette innan 14 dagar etter at velkomstbrev og angrerettsskjema er motteke. Enivest vil då dekke kostnaden ved å returnere evt. utsendt kundeining. Kunder som har bestilt på annan måte må sjølve dekke kostnader med retur av mottatt utstyr. Kunder som har samtykka i at leveransen skal starte før angrefristens utløp, eller avbestiller etter angrefristen, men før produktet er levert plikter ved avbestilling å betale etableringsgebyr. Dette gjeld sjølv om kunden har bestilt med bindingstid og såleis ikkje skulle betalt for etablering. Avbestilling etter leveringsdato blir sett på som oppseiing jf. §6.

§3 Produkt

Utleigar stiller til disposisjon for kunden sine produkt som omfattar følgjande:

1. Tilgang til Enivest sitt breibandsnett med Ethernet grensesnitt. Sidan ein del av kapasiteten nyttast til kontrollinformasjon vil reell nedlastingshastigheit vere noko mindre enn oppgitt i spesifikasjonane for produktet. Utleigar kan ikkje garantere hastigheita på nedlasting frå Internett, fordi den ikkje berre er påverka av bandbreidda på abonnentlinja. Den påverkast også av forhold utanfor Enivest sitt nett som utleigar ikkje kan kontrollere. Kapasitet og innstillingar på kundens eigen maskin vil også påverke hastigheit på nedlasting og opplasting. Det er Enivest sin målsetnad at kunden til einkvar tid skal få angitt hastigheit på produktet mellom kundens eigen PC og Enivest sin router mot Internett. Det presiserast likevel at Enivest ikkje kan garantere at denne hastigheita alltid nås. I periodar med stor belastning på nettet (for eksempel ved at mange kunder er pålogga og lastar ned mykje informasjon på same tid) kan kundane oppleve å få dårlegare kapasitet enn det dei har tinga. Dersom det i særskilte område viser seg å vere problem med å oppnå den oppgjevne kapasiteten, vil Enivest AS foreta nødvendige oppgraderingar for å avhjelpe desse problema.
2. Tilknytning til Internett og høve for lagring av 25MB heimesider og inntil 5 e-postadresser pr. abonnement, avgrensa til 150MB plass pr. adresse på serveren. Tenesta inkluderer offisiell og dynamisk IP-adresse på modem. Kunden skal nytte den kundeininga eller andre komponentar som utleigar plasserer ute hos dei. Kunden er pliktig å gje utleigar tilgang til einingar som inngår i nettet og som er utleigars eller netteigars eigedom. Ved levering av tenesta vil kunden få tildelt brukarnamn og passord til e-post og ftp som kunden pliktar å oppbevare på ein måte som hindrar uvedkommande tilgang. Merk: Kunden er sjølv ansvarleg for alt tele- og datautstyr som i tillegg til kundeininga frå Enivest er naudsynt for å nytte tenesta (riktig nettverkskort og programvare i PC m.m.) Utleigar har som intensjon å tilby tilleggstenester og verdiaukande tenester etter kvart som desse blir tilgjengelege. Desse tenestene inngår ikkje i alle produktpakkane til Enivest og må bestillast særskilt når dei blir tilgjengelege.

§4 Leveranse

Utleigar vil alltid prøve å levere trådlaut breiband i sitt dekningsområde dersom det er mogleg, men er ikkje pliktige til å levere. Dette kan vere topografiske eller andre lokale forhold som hindrar installasjon. Levering av trådlaut breiband krev fri sikt mellom sendar og tilknytingspunktet. Utleigar er heller ikkje pliktig til å levere der seinare endringar hindrar vidareføring av abonnementet. Om tenesta ikkje kan leverast vil avtalen seiast opp utan kostnad for kunde jf. §6.

I hovudsak vil levering skje innan seks til åtte veker frå bestilling, men er styrt av antal bestillingar i eit område og av underleverandør som monterar kundeutstyret.

Spesielle lokale forhold, manglande montørressursar hos underleverandør og anna som er utanfor vår kontroll, kan i enkelte høve føre til lengre leveringstid. Byte frå annan leverandør til oss vil normalt ikkje ha innverknad på leveringstida.

Kundeutstyret skal monterast av utleigar eller av utleigars underleverandørar. Montør må ha fri tilgang til tilknytingspunktet, og utleigar har full rett til naudsynte installasjonar og linjeføring på, i og gjennom kunde sin eigedom.

Kunden skal informerast før inngrep blir gjort, og har rett til å uttale seg før installasjonen gjennomførast. Viss kunde ynskjer anna installasjon enn det som er teknisk og hensiktsmessig for utleigar, kan utleigar krevje at kunde dekkjer meirkostnadane. Kunde kan ikkje krevje kompensasjon for ulemper etter montering eller demontering av kundeutstyret. Kunde må sjølv koste framføring og levering av straum (230V) der dette er naudsynt for installasjonen.

Montering av kundeutstyr inkluderar antenne med feste, 30m kabel, straumforsyning og modem. Arbeid utover dette (oppsett av datautstyr, kabel utover 30m o.a.) er ikkje inkludert i monteringa og må avtalast direkte mellom kunde og montør, og vert belasta kunde.

§5 Brukarstøtte

Utleigar vil kunne hjelpe kunden med teknisk brukarstøtte i normal arbeidstid. Feil eller manglar ved nett eller forbindelsar skal utbetrast innan rimelig tid og utan kostnader for kunden dersom ikkje feilen/mangelen kan tilskrivas forhold hos kunden eller andre forhold utleigar ikkje har kontroll over. Reparasjonar/arbeid på nettet og/eller utstyr som er utleigars/netteigars eigedom, må berre utførast av utleigar eller personar som utleigar har godkjent og gitt særskilt tillating jf. §9. Ved behov for brukarstøtte eller ved eventuelle feilsituasjonar kan kunden vende seg til kundeservice hos Enivest. Opningstider, telefonnummer og e-postadresser til kundeservice er tilgjengeleg på www.enivest.no.

§6 Avtalen si lengde og oppseiing

Abonnementet har bindingstid som er spesifisert i bestilling for kunden, og kan seiast opp med 30 dagars skriftleg varsel etter bindingstida sitt utløp. Avvikling innanfor bindingstid blir fakturert etter gjeldande prisar jf. §14. Ved oppseiing av avtalen vert ikkje etableringsgebyret refundert. Dersom det oppstår tekniske problem med leveranse/overføring og utleigar med rimelige midlar ikkje kan utbetre problema, kan utleigar seie opp avtalen. Ved oppseiing frå utleiar grunna manglande høve til leveranse av bestilt produkt skal ikkje kunden bli fakturert. Dette føreset at kunde underrettar Enivest om manglar ved tenesta innan 14 dagar etter forventa leveranse. Dersom melding frå kunde kjem etter dette og tenesta ikkje kan leverast er kunde pliktig til å betale abonnement fram til meldingsdato. Utleigar kan heve avtalen ved vesentleg misleghald jf. §11 og §12.

§7 Kundens bruk av nettet og forbod mot vidareføring av nett eller tenester

Kunden har berre rett til å nytte abonnementet i høve til føresegnene til utleigar. Det er ikkje tillete å vidareføre signal eller formidle tenester frå gjeldande nett korkje til utanforstående eller til andre abonnentar hos Enivest AS. Med utanforstående meinast i denne samanheng personar som ikkje er abonnent hos Enivest AS. Brot på denne føresegna er å rekne som misleghald jf. §12. Kunden kan ikkje selje vidare av sin kapasitet på sitt abonnement, og kunden kan ikkje leggje opp interne nettverk slik at andre kan få tilgang til utleigars tenester. Kunden kan ikkje drive næringsverksemd på heimesideområde for private kunder. Kommersielle presentasjonar og tenester, som til dømes presentasjon av firma, produkt eller tenester for sal, er berre tillat etter skriftleg tillating frå Enivest AS. Kunden har plikt til ikkje å forsere elektroniske sperrer eller på anna måte skaffe seg ulovleg tilgang til tenester og system. Det er ikkje tillete med masseutsending av reklame, e-post eller anna, eller til å bruke nettet til å spreie kjedebrev og anna. Internet aksessen skal ikkje nyttast til å drive egne servertenester – som til dømes; peer to peer, FTP, web, NNTP, proxyserver eller DHCP. Kunden er sjølv ansvarleg for den informasjon kunden utnyttar, formidlar eller spreiar ved hjelp av tenesta. Kunden må ikkje bruke nettet til spreing av datavirus, opphavsrettslig beskytta materiale eller skuldingar som av tredjepersonar kan oppfattast som krenkande, som rasisme og pornografi. Kunden forpliktar seg til

VILKÅR FOR PRIVATABONNEMENT. ENIVEST TRÅDLAUS. Gjeld frå 12.10.2007



ikkje sjølv å nytte eller la andre nytte sin internettaksess eller andre breibandstenester frå Eninvest i strid med norsk lov- og forskriftsverk.

§8 Bindingstid, endring og flytting av abonnement

Når ein kunde har bindingstid på eit abonnement så er han bunden til Eninvest som leverandør. Kunden kan endre til ein annan kapasitet mot å bli fakturert for gjeldande gebyr jf. §14. Dette kan gjerast når som helst og differansen i pris vil bli fakturert/kreditert på neste faktura. Kunden kan ikkje overføre abonnementet, eller nokon del av det til andre enn familiemedlemmer i same husstand utan skriftleg samtykke frå utleigar. Om abonnementet skal overført til familiemedlemmar eller andre i husstanden skal utleigar ha melding om dette så snart som mogleg. Adresseendringar og andre endringar som verkar inn på kundeforholdet må meldast til utleigar så snart som mogleg. Kunden kan få flytta sambandet til eit anna hussvære innanfor Eninvest dekningsområde mot å betale gjeldande flyttegebyr jf. §14. Flytting må meldast i god tid slik at utleigar kan få utført denne jobben. Det må reknast like lang leveringstid ved flytting som ved nyleveranse jf. §4. Kunden kan ikkje krevje frådrag i fastavgift for den tida tenesta er utilgjengeleg som følgje av flytting og årsaker som ikkje kan belastas utleigar. Flytting utanfor Eninvest dekningsområde blir rekna som oppseiing jf. §6.

§9 Eigarforhold og ansvar

Utleigar har eigedomsrett til alle faste og lause installasjonar utleigar monterer i nettet og utstyr som blir plassert ute hos kunden. Utstyr frå Eninvest som blir plassert hos kunden skal berre nyttast på den adressa som er oppgitt på leigeavtalen. Kunden er økonomisk ansvarleg for skader han påfører utleigar sin eigedom, forsettleg eller uaktsamt. Tap eller skade på kundeinngang som følgje av til dømes tjuveri, lynnedslag, fysisk skade og anna skal dekkast av kunde jf. §14. Dersom kunden gjer endringar på konfigurasjonen av utleigars utstyr som medfører at kunden ikkje kjem på nett og utleigar må konfigurere utstyret på nytt, vil kunden bli fakturert for dette jf. §14. Kunden må sjølv dekke kostnader ved å få levert kundeinngang til Eninvest sitt kontor. Kunden kan ikkje krevje refusjon av betalt abonnement for den tida han ikkje er på nett på grunn av dette.

Kunde er ansvarleg for å demontere og returnere alt utstyr som er plassert ut av utleigar ved avslutning av abonnement. Utstyr skal sendast til Eninvest AS, Firdavegen 5, 6800 Førde og merkast med abonnenten sitt kundennummer og namn. Ved tilbakeføring av utstyr til Eninvest skal dette vere i den stand det var i ved levering. Teneste blir belasta kunde til den er avslutta, tidlegast 30 dagar etter oppseiing jf. §6. Dersom kundeutstyr ikkje er levert tilbake til Eninvest komplett og i god stand innan 30 dagar etter avslutta teneste vil kunden bli fakturert verdien av kundeutstyret. Kunde kan ikkje krevje kompensasjon for ulempe etter montering eller demontering av utstyr jf. §4.

Kunden er sjølv ansvarleg for sikringa opp mot eventuelle datainnbrot eller forsøk på dette frå ein tredjepart mot eigen PC.

Utleigar er ikkje ansvarleg for direkte økonomiske tap kunden måtte lide som følgje av at han er hindra frå å bruke Eninvest sitt produkt. Utleigar er ikkje ansvarleg for følgeskader. Utleigar tar ikkje ansvar for innhald på kundens PC eller øydeleggingar på denne. Kunden forpliktar seg å gjere seg kjent med og overhalde dei til einkvar tid gjeldande vilkår for abonnement frå Eninvest, samt andre reglar og påbod gitt frå Eninvest i samband med bruk av tenestene.

§14 Prisar på gebyr og ekstratenester

Nedanfor er spesifisert gjeldande prisar pr.12.10.2007.
Etablering ved 1 år bindingstid = kr 1500,-
Etablering utan bindingstid = kr 3990,-
Oppgradering av kapasitet = kr 0,-
Nedgradering av kapasitet = kr 295,-
Montør for interninstallasjon = kr 995,-

Nye gjeldande prisar blir lagt ut på internett. Alle prisar inkl. mva.
Montering av kundeutstyr (påkrevd jf. §4) = kr 1500,-
Gjenopning av sperra teneste = kr 500,-
Annullering av bestilling etter påbyrja leveranse eller utløp av angrefrist = kr 1500,-
Fakturgebyr på kvartalsfaktura = kr 0,- / på månadsfaktura = kr 45,-
Bomtut ved leveranse = kr 995,-

Flytting av abonnementet til ny adresse (innanfor Eninvest sitt dekningsområde) jf. §8 = kr 995,-

Brot på bindingstid = kr 3990,-

Feilretting som skuldast interne feil hjå kunde = kr 790,- pr. time

Konfigurasjon av kundeinngang som følgje av brukarfeil (resetting, endring av oppsett m.m.) = kr 295,-

Ny kundeinngang jf §9 modem = kr 1.495,-

Ekspressleveranse 5500,- (Dette kjem i tillegg til monteringskostnader, med atterhald om at ekspressleveranse kan utførast)

§10 Reklamasjon

Kunden plikter å melde frå til Eninvest så snart som mogleg etter at kunden har oppdaga eller burde oppdaga feil eller manglar ved tenesta. Dette skal skje til Eninvest Kundeservice. Før feil meldes til Eninvest skal kunden sjølv undersøke om feilen skyldast eige utstyr. Eninvest kan krevje at kunden dekker kostnader som er forbundet med feilsøking som Eninvest får utført, dersom kunden melder om feil som ligger utanfor Eninvest sitt ansvarsområde jf. §14. Dersom kunden på eige initiativ iversetter tiltak ovanfor tredjepart for å rette mangelen utover det som måtte vere avtalt med Eninvest er ikkje Eninvest ansvarleg for å dekke utgifter til slik retting. Eninvest sitt ansvar for feilsøking og feilretting gjelder for linje til kunden og til og med det utstyr som er levert frå Eninvest. Eninvest skal snarast mogleg etter å ha blitt kjent med mangel ved produktet sette i verk tiltak for å rette mangelen. Kunden kan ikkje krevje kompensasjon for manglande tilgang til tenesta for tid som går før feilen blir meldt til Eninvest.

§11 Betaling

Det blir vist til Eninvest AS sin gjeldande prislister for breibandstenester. Eninvest har ved teikning av abonnement rett til å foreta kredittvurdering av kunden. Dersom Eninvest ikkje finn resultatet av denne kredittvurderinga tilfredsstillande kan Eninvest krevje førehandsbetaling for levering av tenesta, eller avvise bestilling frå kunde. Abonnement forfell til betaling forskotsvis pr. kvartal. Eventuelle seinare bestilte tilleggstenester eller verdi aukande tenester forfell og innkrevjast saman med breibandsleie. Ved manglande betaling vil kunden bli tilsendt betalingspåminning. Dersom faktura etter varsel ikkje blir betalt innan fristen vil tilgang til tenesta bli stengd omgåande og fordringa sendt til inkasso. For sein betaling fører til rentekostnader i høve til einkvar tid gjeldande morarentelov. Tenesta kan også stengast dersom det manglar betaling for andre produkt/tenester frå utleigar. Tenesta vil bli opna på nytt etter at alle krav og saksomkostningar er innbetalt. Det vert då også fakturert opningsgebyr. Kunden får ikkje frådrag i abonnementsavgifta for den tid tenesta har vore stengt som følgje av manglande betaling.

§12 Mislighald

Om kunden misligheld avtalen, kan utleigar sperre for tenester eller kople frå sambandet til kunden. Der det føreligg sakleg grunn for mislighald eller anlegget vert nytta i strid med norsk lovgiving eller i strid med anlegget sitt ordinære og vanlege bruk jf. §7, er det å betrakte som mislighald av avtalen. Utleigar skal gjere tenesta tilgjengeleg for kunden så snart mislighaldet er opphørt. For dette må kunden betale opningsgebyr. Kunden er ansvarlig for betaling av tenesta sjølv om dei skulle stenges grunna mislighald.

§13 Endring av vilkår

Utleigar kan endre leveringsvilkår og prisar med 1-ein månads varsel. Faktura med opplysning om ny pris for tenesta gjeld som skriftleg underretting om regulering. Dersom offentlege avgifter, opphavsrettslige avgifter o.l. for dei tenester som følgjer av denne avtale vert auka for har utleigar rett til å auke prisane tilsvarende med ein månads varsel. Slike endringar blir varsla på utleigars heimesider www.eninvest.no, med e-post til kundens konto på hos oss (eninvest.net) og underretttast kunden på neste faktura. Avtalte prisar kan justerast 1. juni kvart år med endringar i konsumprisindeksen til SSB frå føregåande år.